



Kommunane i Hordaland

Dato: 28.09.2016
Vår ref.: 2016/5160-2
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Invitasjon til Plankonferansen 2016, 25.10 - 26.10. Tema: Planlegging for god folkehelse

Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland har gleda av å invitera til Plankonferansen 2016.

Tema for konferansen er: Planlegging for god folkehelse. Folkehelse femnar tematisk vidt, og konferansen har difor ei vid målgruppe både i kommunane sin administrasjon og politisk.

Konferansen vert arrangert på Grand Terminus i Bergen 25. og 26. oktober. Tysdag 25. oktober er det plenumsarrangement heile dagen. Om kvelden 25. oktober er det festmiddag på Grand Terminus. Onsdag 26. oktober er fyrste sekvens i plenum, deretter er programmet delt i tre sesjonar.

Påmelding

Det er høve til å melda seg på for å delta på heile eller delar av konferansen. Dag to må ein velja og melda seg på til ein av sesjonane. Ein programfoldar ligg ved med informasjon i programmet og om påmelding.

Sjå www.hordaland.no - under kalender. Her ligg programmet og meir informasjon om konferansen og om påmelding. Det er digital påmelding til konferansen.

Påmeldingsfrist er 7. oktober.

Eva Katrine Ritland Taule
konstituert plansjef

Per Nordmark
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.